



Abo Plan og Arkitektur

Referanser:  
Dykkar: Åshild Blomdal  
Vår: 14/599 - 15/1780

Saksbehandlar:  
Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

29.01.2015

## Tilbakemelding på e-post

Me viser til dykkar e-post av 27.01.2015 og til dykkar spørsmål ang. å syne parkeringsplassar i reguleringsplanen.

Når det gjeld grad av utnytting, så heiter det i TEK10 § 5-1: *Formålet med fastsetting av grad av utnytting er å regulere bygningers volum over terreng og bygningers totale areal sett i forhold til behovet for uteoppholdsareal, belastning på infrastruktur og forholdet til omgivelsene.*

Kommunen har bede om at parkeringsplassar vert tekne med som eit eige føremål for å sikre god gjennomføring av planen, for å sikre god planlegging og for å unngå dispensasjonar eller endringar i etterkant.

Plan og bygningslova med føresegner set krav til uteopphaldsareal, parkeringstilhøve, universell utforming etc. Byggverk skal etter sin funksjon ha tilstrekkeleg uteopphaldsareal. Kva som er tilstrekkeleg uteopphaldsareal til ulike bygg må vurderast i det enkelte tilfelle og i forhold til bygget sin funksjon. Tilkomst, parkeringsareal og uteopphaldsareal i planen Dykkar skal vere universelt utforma, og ein lyt m.a ta omsyn til persontrafikk, vareleveranser og tilgjengelegheit for utrykningskjøretøy. Ved planlegging av parkeringsareal må det m.a. leggjast vekt på trygge og korte fotgjengerforbindelsar til bygget, jf. TEK10 kap. 8.

Dersom kommunen skal kunne ta stilling til om nødvendige funksjonar kan tilpassast planlagt bruk, så lyt De også dokumenterer tilkomst og parkeringstilhøve i planen.

Administrasjonen meiner såleis at dette lyt framgå av reguleringsplanen med føresegner.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Anne-Lise Næs Olsen  
plankonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

**Kopi til:**

MarkhusBygg  
Abo Plan & Arkitektur

**Mottakere:**

Abo Plan og Arkitektur